Utfyllande regler om rettleiing og vurdering - masteroppgåver

Vedtatt av styret for Det juridiske fakultet 17.06.2003. Sist endra av SU 9.03.2010. Teksten ajourført etter fakultetsstyrevedtak 16.06.2011 om ny studieplan og nye utfyllande reglar for studium ved Det juridiske fakultet.

I Rettleiing

Studentane har rett og plikt til rettleiing i samsvar med studieplanen, jf. "Undervisningsmetoder", særskilt underpunktet om "Obligatorisk rettleiing for masteroppgåva".

II Vurdering av masteroppgåver

§ 2-1 Retningsliner for vurderinga

Generelt
Vurderinga av masteroppgåva skal skje på bakgrunn av føremålet med oppgåva, jf. det som er sagt i emneskildringa om "Formål":

"Arbeidet med masteroppgåven skal gi studenten trening i bearbeidelse og fremstilling av større juridiske problemstillinger på egen hånd, basert på selvstendig analyse av tema og kildemateriale. Oppgaven skal dokumentere at studenten kan forholde seg til bredere og mer komplekse rettslige spørsmål, og utgjør, sammen med valgemne, studentens faglige fordypning."

Kravet om sjølvstendig arbeid
Oppgåva skal vera eit sjølvstendig arbeid. Det er ikkje tilstrekkeleg å referere lover, førearbeid, praksis, litteratur m.m. utan eigne drøftingar av rettsspørsmåla. Oppgåva skal vurderast som ledd i eit studium, og det er ikkje noko krav om vitskapleg nivå eller originalitet.

Kjeldetilvisingar
Det skal leggjast vekt på at kjelder blir oppgjevne i samsvar med god skikk, og at det i framstillinga blir skilt mellom eiga framstilling og sitat frå kjelder.

Emnet
Emnet er godkjent på førehand, og det bør takast omsyn til at emnet i nokre tilfelle kan ha vist seg å bli meir omfattande eller komplisert enn det som passar for ei masteroppgåve, eller at emnet kan ha vist enklare enn det som hadde vore ønskjeleg. I slike tilfelle bør ein

leggje vekt på om studenten har greidd å gjennomføre dei avgrensingane og tilpassingane som det er rimeleg å vente. Har studenten gjennomført ei god framstilling av eit krevjande emne, skal det gje utteljing i vurderinga.

Problemformulering og struktur
Det skal leggjast vekt på om problemformuleringane er klåre og relevante, og om oppgåva har fått ein struktur som tener til å gjera framstillinga oversiktleg, og som gjev høve til fagleg interessante drøftingar.

Omfang
Det skal leggjast vekt på om oppgåva har eit omfang som passar til innhaldet. Oppgåva kan godt vera kortare enn veiledande på 12 000 ord (maks 15 000 ord), men for heilt korte oppgåvesvar bør det vurderast særleg om arbeidsinnsatsen står i høve til 30 studiepoeng (eitt semester). For 60 studiepoengs oppgåve, gjeld det same, men slik at veiledande ordgrense er 30 000 ord (maks 37 500 ord) og arbeidsinnsatsen skal stå i høve til 60 studiepoeng (to semester).

Metode
Så langt oppgåva går ut på å drøfte og ta standpunkt til rettsspørsmål, skal det leggjast vekt på meistringa av vanleg godteken juridisk metode. I rettspolitiske drøftingar som delar av eller hovudemne for ei oppgåve skal det vera rom for engasjement, men det skal også leggjast vekt på evna til å yte andre synspunkt rettferd.

Der heile oppgåva eller delar av henne tek opp emne som krev innsyn i andre fag, som historie, sosiologi, filosofi eller økonomi, skal det ikkje krevjast at studenten meistrar metoden i slike fag, samtidig som framstillinga bør vise medvit om den avgrensinga som manglande meistring av metoden inneber.

Formalia
Det skal leggjast vekt på om språket er rett, klårt og gjennomarbeidd, og om overskrifter og inndeling i kapittel og underavsnitt tener framstillinga. Det same gjeld eventuell bruk av fotnotar. Kjeldetilvisingar, avkortingar o.l. skal vera eintydige og konsekvente.

§ 2-2 Munnleg prøve

Det skal ikkje haldast munnleg prøve utan at sensorane finn grunn til det. Ved den munnlege prøven eksaminerer begge sensorane studenten i emne som har tilknyting til oppgåva eller til det emnet oppgåva gjeld. Munnleg prøve kan også brukast til å kontrollere at oppgåva er eit sjølvstendig arbeid frå studenten.

§ 2-3 Bedømming

1. Masteroppgåva bedømmast av to sensorar, kor den eine skal være ekstern. Dersom sensorane ikkje blir samd om bedømminga, oppnemne leder av Studieutvalet en tredje sensor til å delta ved denne.

2. Studentar som har fått bedømt en masteroppgåve til bestått karakter, kan ikkje levere denne eller annen oppgåve til ny bedømming. Studentar som har fått bedømt en innlevert masteroppgåve til ikkje bestått, kan bare levere masteroppgåve til ny vurdering dersom den tar opp et anne tema eller er en vesentlig omarbeidet versjon av den tidlegare innleverte oppgåva.